

Detaljregulering for Grønbogen fjellettak og masse- lagringsplass, Dovre kommune

Oppdragsgjevar: Korsvoll Maskin AS
Oppdrag: Detaljregulering
Rapporttype: Planinitiativ
Prosjektnr.: 22221
Dato: 21.12.22

Planinitiativ



1 Opplysningar til kommunen

| | | |
|---|---|--|
|  | Prosjektnr.: 22221 | Oppstartsdato: 10.11.2022 |
| Kontaktinformasjon: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 www.nordplan.no | Kundeinformasjon: Korsvoll Maskin AS Gudbrandsdalsvegen 1791 2662 Dovre Tlf: 90640150 www.korsvollmaskin.no | |
| Prosjektleder: Øyvind Sødal | Sign: | |
| Medarbeidarar: Elise Øyjordet | Sign: |  |

Opplysningar som vert fylt inni oppstartsmøtet

| | |
|----------------------------|--|
| Plan ID | |
| Saksnr kommune | |
| Sakshandsamar | |
| Ressurspersonar | |
| Varslingsavis | |
| Bestille varslingsadresser | |
| Bestille kartgrunnlag | |
| Bestille evt. plangrunnlag | |

Vedlegg:

1. Framlegg til plangrense.

1.1. Føremålet med planarbeidet

På vegne av forslagsstillar Korsvoll Maskin AS, sender Nordplan planinitiativ og førespurnad om oppstartsmøte etter plan- og bygningslova § 12-8. Planinitiativet omtalar premiane for det vidare planarbeidet, og er grunnlag for gjennomføring av oppstartsmøte.

Føremålet med planarbeidet er å gjennomføre ei reguleringsendring av to eldre planar, og utvide eksisterande fjelltak og masselagringsplass i Grønbogen. Fjelltaket er i dag regulert med


eit areal på 105 daa, medan planen for masselagringsplassen omfattar eit areal på tilnærma 50 daa inkl. åtkomstvegen i aust. Førrels ny og utvida plangrense i sørvest inkluderer ytterlegare 32,5 daa i sørvest og 15 daa i nordaust. Det er behov for meir plass lokalt for midlertidig lagring av massar i driftsfasen, og oppdragsgjevar har ynskje om å oppføre eit verkstadbygg. Som eit resultat av planprosessen vert gjeldande reguleringsplanar erstatta og oppheva, med unntak av åtkomstvegen til Grønbogen masselagringsplass.

1.2. Planområdet og verknader utanfor planområdet

| | |
|------------------------------|---|
| Areal | 188,5 daa |
| Gnr/bnr | 93/1 (Joramo bygdealmening), 83/1 (Jernbaneverket) |
| Planstatus - reguleringsplan | Grønbogen fjelltak, planID: 05110070 Grønbogen masselagringsplass, planID: 5110075 |
| Planstatus - kommuneplan | Reguleringsplan skal fortsett gjelde (Kommuneplan Dovre 2013) |

Lokalisering

Planområdet ligg i Grønbogen, nord for Joramo i Dovre kommune og nær grensa til Lesja kommune (fig. 1). Fjelltaket og masselagringsplassen ligg nord og sør for øvste jernbanelinja til Dovrebanen.




Figur 1: Planområdet si plassering i Dovre kommune, vist med raud sirkel. Henta frå www.norgeskart.no.

Området har tilkomst via avkjøring frå E136 ved Joramo industriområde, om lag 2 km nordvest for Dombås sentrum. Vegen fortsett oppover Almenningsvegen, under jernbanen Raumabanen, og vidare på privat skogsbilveg i retning Gardsenden og Grønsætrin. Grønbogen fjelltak har åtkomstveg som vidare kryssar jernbanen Dovrebanen to stader, begge sikra med bom og lyd/ljossignal. Masselagringsplassen har åtkomst sør for øvste jernbanelinje.

Framlegg til plangrense

Ein legg opp til at plangrensa følgjer eksisterande regulert grense i stor grad, men med ei forlenging i sørvest og nordaust (fig. 2). Eigedomar som inngår i grensa er gnr/bnr. 93/1 (Joramo bygdealmening) og 83/1 (Jernbaneverket).



Figur 2: Illustrasjonen syner framlegg til plangrense for ynskt tiltak i svart stipla linje, og eigdomsforhold ved raude linjer.

1.3. Planlagd utbygging, anlegg og tiltak

Planen vert i hovudtrekk basert på eksisterande reguleringsplanar for området. Oppdragsgjevar har behov for større plass til oppbevaring og midlertidig lagring av massar, som skal nyttast ved istandsetting og attendeføring av området, i samsvar med driftsplanen. Toppdekket i uttaksområdet er stadvis opp mot 8 m tjukt, som resulterer i store mengder masser. Det er ynskjeleg med kort transport og lagring lokalt inntil drifta er ferdig. Det er òg fremma ynskje om oppføring av eit nytt bygg med bruksføremål som verkstad midt i området. Ein søkjer å vidareføre avsett byggegrense på 30 m langs jernbana, og sikringsone rundt tunnelen for å unngå nedrasing av massar som fylgje av sprenging.

1.4. Utnyttingsgrad/utforming/byggehøgder


Ein har tenkt å behalde eksisterande bygningar i anleggsområdet, som er etablert midlertidig i tilknytning masseuttaket. Volum og byggehøgder er ikkje avklart for planlagt nytt bygg.

1.5. Funksjonell og miljømessig kvalitet

Grønbogen masseuttaksområde leverer masse av god kvalitet, som tener til mange ulike føremål i bygg- og anleggsbransjen. Området har vore drifta i lang tid.

Det er ikkje gjort funn av kulturminne frå eldre eller nyare tid innanfor planområdet. Kulturarvenheten gjennomførte synfaring i fjelltaket i 2011 i samband med reguleringsplanen. Fylkeskommunen vurderte at synfaring for masselagringsplassen ikkje var nødvendig på daverande tidspunkt (2013), men minte om meldingsplikt jf. § 8 i kulturminnelova. Ein kan ikkje utelukke funn av fornminne (automatisk freda) eller kulturminne for tenkt utvida område, og ein må difor innarbeide ev. tilleggsregistreringar for arkeologi i planen.

Det er ikkje registrert sårbar flora eller viktige naturtypar og artar innanfor planområdet, men nordlege delar inngår i villreinområdet Snøhetta heilårsbeite, som er avsett til LNFR landbruksfremål i gjeldande plan. Villreinen er ein prioritert og nær trua art etter naturmangfaldlova (nml.). Figur 3 er henta frå NINA Rapport 800 om status og leveområde for villreinen i Snøhetta- og Knutshøområdet. Ut frå kunnskap og vurdering om hovudtrekkemønster, viser figuren at Grønbogen ligg eit stykke utanfor anslått trekkområde, og på grensa for ytre biologiske leveområde.



Figur 3: Anslått hovudtrekkemønster for Snøhetta- og Knutshø-området. Kjelde: NINA Rapport 800 (Jordhøy et al., 2012, s.31).

På synfaringa var det observert dyrespor av anna hjortevilt. Det er elles registrert andre artar av nasjonal forvaltningsinteresse i nærleiken av tunneltaket på Grønbogen, vest for planområdet. Statsforvaltaren har i gjeldande reguleringsplanar opplyst om mogleg lokalitet av hubro og kongeørn, men unødige forstyringar i hekkeperioden er ivaretatt gjennom krav om sprenging frå august til februar. I vest ligg òg Jora landskapsvernområde og to viktige naturtypar i tilknytning eit gammalt barskogfelt og elvejuvlandskapet Jore – Grøna. Planområdet kjem ikkje i direkte konflikt med desse.

Det finst ingen store verdiar knytt til skogbruk innanfor planområdet, men det er kjent at det sist hausten 2021 vart hogd eit areal i vest. Skogen har i alle hovudsak middels til låg bonitet, og planlagt tiltak vil krevje at enda meir skog blir fjerna frå LNFR-område. Ved avslutta drift kan ein ved rett attendeføring ta i bruk området til skogbruk.

Som beiteområde for sau, geit og storfe er masseuttaksområdet med åtkomstveger sikra med etablerte gjerdar, grinder og ferister, for å ivareta dyretråkk og at ingen husdyr skal kunne

komme seg inn i anlegget. Dette gjelder særleg ved slepp om våren og sanking på hausten. Det er ikkje funne dyrkbart areal innanfor planområdet, og jordbruksfaglege omsyn er difor ikkje vurdert vidare.

Planområdet inngår i nedslagsfeltet til Jora, som er eit verna sidevassdrag til Gudbrandsdalslågen. Ein ser ikkje at tiltaka i planen vil få negative verknadar for Jora, men som del av planarbeidet vil det vere viktig å syte for god overvasshandtering og ev. tiltak for å hindre partikulær avrenning frå anleggsområdet.


Ifylgje støysoner for Bane NORs jernbanenett ligg store delar av planområdet innanfor gul- ($L_{den} > 58$ dB) og raud ($L_{den} > 68$ dB) støysoner. Støy frå andre kjelder er knusing, sprenging og lagring/transport av massar, som er del av den daglege anleggsdrifta på Grønbogen. Støy- og støvproblematikken er grundig gjennomgått i ROS-analysar for gjeldande planar. Konsekvensane for støy er vurdert til å vere nøytrale med avbøtande tiltak, og det er ikkje peikt på behov for ytterlegare tiltak. Avstanden til nærmaste busetnad er lang (2 km), og det er satt krav til at støyande verksemd skal utførast mellom kl.07 og kl.18 på kvardagar. For støv kan støvflukt førekome, men ha lite omfang. Tog som passerer vil sjølv blåse vekk støv frå linja, og vind og vanleg nedbør reduserer problematikken. Om sommaren kan vatn frå bekken nyttast.

1.6. Verknad på, og tilpassing til landskap og omgjevnader

Som skildra i gjeldande reguleringsplanar set drifta av fjelltaket naturlegvis spor i landskapet, som vil vere synleg i lang tid. Det er likevel konkludert med at landskapsverknadane er små, grunna lite innsyn og at det er få som ferdast i området. Det er stilt krav om at området skal attendeførast med god terrengtilpassing.

1.7. Forhold til gjeldande planverk

I kommuneplanen sin arealdel for Dovre kommune, «Kommuneplan Dovre 2013» (vedteken 17.06.19), er fylgjande reguleringsplanar (vist i fig.4) fortsett gjeldande:



Figur 4: Utklipp av overordna kommuneplan og gjeldande reguleringsplanar for Grønbogen. Henta frå www.innlandsgis.no.

Grønbogen fjelltak, planID: 05110070

- Detaljreguleringsplan utarbeidd av Solvang og Fredheim Gudbrandsdalen AS, på vegne av Snøhetta anlegg AS.

- Føremål om å regulere eksisterande fjelltak og utvide eksisterande uttaksområde frå 7 daa til ytterlegare 32 daa.
- Vedteken i januar 2013.
- Ynskt plassering av eit nytt bygg og lagring av massar er i dag regulert til LNFR landbruksføremål, og vil difor ikkje vere i tråd med gjeldande plan.

Grønbogen masselagringsplass, planID: 5110075

- Detaljreguleringsplan utarbeidd av Solvang og Fredheim Gudbrandsdalen AS, på vegne av Korsvoll Maskin AS.
- Føremål om å regulere eksisterande masselagringsplass sør for Grønbogen fjelltak med tilhøyrande åtkomstveg.
- Vedteken i februar 2014.
- Ynskt utvida masselagringsplass er i dag regulert til LNFR landbruksføremål, og vil difor ikkje vere i tråd med gjeldande plan.

Foreslått utvida plangrense i sørvest og nordaust omfattar områder som ikkje har eiga reguleringsplan, men som er avsett til LNFR landbruksføremål i kommuneplanens arealdel. For 5 daa av området i sørvest har Joramo bygdealmening fått dispensasjon for oppføring av asfaltverk og lagring av tømmer, som vart tillaten av kommunen i 2016 dersom driftsvilkåra for Grønbogen massetak vert fylgd.

1.8. Vesentlege interesser som vert påverka

Joramo bygdealmening har som grunneigar interesser knytt til skogbruk og beite i området. Jernbaneverket har interesser knytt til jernbana.

1.9. Samfunnssikkerheit

Etter forskrift om handsaming av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningslova § 1 skal planinitiativet gjere greie for korleis samfunnssikkerheit skal bli ivaretatt, blant anna gjennom å forebygge risiko og sårbarheit.

1.9.1. Kartlegging av moglege uønskete hendingar/potensielle farar

Under fylgjer analyseskjema som er brukt for å identifisere moglege uønskete hendingar og eliminere problemstillingar som ikkje er aktuelle for nærare gjennomgang. Førebels utgåve vil vere utgangspunkt for diskusjon i oppstartsmøtet.

| SJEKKLISTE – moglege uønskete hendingar | | | | |
|--|--|------------|--|---|
| UØNSKT HENDING | | J/N | KOMMENTAR/TILTAK | KJELDER |
| STORE ULYKKER | Eksplosjon, utslepp av farlege stoff, akutt ureining | J | Planområdet inngår i nedslagsfeltet til elva Jora, som er eit verna sidevassdrag og ein viktig del av eit variert og attraktivt landskap. Akutt ureining frå ev. drift på Grønbogen kan vere ei mogleg uønskt hending. | Temakart, NVE. Nordplan. |
| | Brann i bygning/ anlegg | J | Nærare vurdering i planarbeidet. Planforslaget legg ikkje opp til regulering av areal med varig opphald, men det vil alltid vere ein potensiell | Nordplan. Gjeldande reguleringsplanar. |

| SJEKKLISTE – moglege uønskete hendingar | | | | |
|--|---------------------|---|---|----------------|
| UØNSKT HENDING | J/N | KOMMENTAR/TILTAK | KJELDER | |
| | | risiko for brann i bygningar, maskinar eller knuseverk. | | |
| Større ulykker (veg, bane, sjø, luft) | J | Jernbanen, Dovrebanen, er ein viktig del av planområdet. Det kan vere ein viss fare for at drifta på Grønbogen kan gje moglege uønskete hendingar knytt til jernbanen. Desse er mellom anna grundig risikovurdert i gjeldande reguleringsplanar, i samsvar med Jernbaneverkets sikkerheitshandbok. Av dei sju uønskete topphendingane som er påpeikt er mellom anna ulykker forårsaka av løpsk materiell ut på toglinja, eller overslag frå straumførande leidning. Ved gjennomføring av foreslegne avbøtande tiltak, er sannsynsvået for alle hendingane vurdert til «Lite sannsynleg» (S1), som vil seie sjeldnare enn kvart 5. år. | Nordplan. Gjeldande reguleringsplan for Grønbogen fjelltak. | |
| Samanrasing av bygning/konstruksjon | N | I ROS-analyse er uønskt hending nedrasing/kollaps av tunnel vurdert med lågt sannsyn. For offentlege bygg med opphald av eit større tal menneske, vil det få store konsekvensar om bygget rasar saman. Bygningane, og tenkt nytt bygg, er ikkje meint for varig opphald. | Gjeldande reguleringsplanar. | |
| Dambrot | N | Ikkje aktuelt. | Nordplan. | |
| NATURFARE | Flaum og stormflo | J Nærare vurdering i planarbeidet. Bekken som renn frå nord til sør midt i planområdet har generelt låg vassføring, men kan bli påverka av store nedbørmengder og smeltevatn om våren. Bekken er i dag lagt i stikkrenne under åtkomstveg, jernbana og masselagringsplass, men er heldt open eit lite område nord og sør for jernbana. I gjeldande reguleringsplanar er bekken sikra med god buffersone frå uttaket, og stikkrennene har dobbel kapasitet i forhold til den som ligg under jernbana. Planområdet er ikkje rørt av aktsemdssone for bekken/elva som renn vest for planområdet. | Temakart, NVE. Gjeldande reguleringsplanar. Nordplan. | |
| | Havnivåstigning | N | Ikkje aktuelt. | Nordplan. |
| | Jord- og flaumskred | N | I fylgje NVE sitt aktsemdskart for jord- og flaumskred, ligg området kor det blir teke ut masse i potensiell fare for andre lausmasseskred. Fjerning av lausmassar frå toppdekket og sprenging av fjell er ein naturleg del av anleggsarbeidet i eit masseuttaksområde, og det vil alltid vere ein viss risiko knytt til sikkerheit og upårekna, uønskete hendingar. Sikkerheitstiltak skal fylgjast opp i godkjend driftsplan. | Temakart, NVE. |

| SJEKKLISTE – moglege uønskete hendingar | | | | |
|---|---|-------------------------|---|--|
| UØNSKT HENDING | J/N | KOMMENTAR/TILTAK | KJELDER | |
| | Snøskred | N | Ikkje rørt av aktsemdssone. | Temakart, NVE. |
| | Steinsprang/steinskred | N | Ikkje rørt av aktsemdssone. | Temakart, NVE. |
| | Kvikkleire | N | Det er ikkje kjend at det er kvikkleire i planområdet. | Temakart, NVE. |
| | Stabilitet/masseutgliding | J | Det kan vere risiko for at drifta på Grønbogen forårsakar utgliding av massar, eller at stabiliteten blir svekka. | Nordplan. |
| | Erosjon (langs vassdrag og kyst) | J | Ved høg vassføring i bekken som går midt i planområdet, kan det vere fare for erosjon. | Nordplan. |
| | Urban flaum - overvatn | J | Nærare vurdering i planarbeidet. Det er ikkje kjend problematisk med overvatn i planområdet, men det er forventa klimaendringar i form av kraftigare nedbørsepisodar, høgare temperaturar og meir nedbør som regn. Fleire moglege dreneringsvegar krev vurdering av overvasshandtering. For elver som ikkje er store og dominert av snøsmelteflaum i dagens klima, er det for Oppland (no del av Innlandet) anbefalt eit klimapåslag på minimum 20 %. Stikkrenner og grøfter i tilknytning til åtkomstvegen til masselagringsplassen skal vere dimensjonert for 200-årsflaum og 20 % klimapåslag. | Temakart, NVE. Klimaprofil for Oppland, Norsk klimaservice-senter. Nordplan. |
| | Skog- og lyngbrann | N | Med nærleik til store skogsområde vil det alltid vere ein risiko for brann, men ein vurderer det til lite sannsynleg at ein brann vil spreie seg i stort omfang, da den truleg vil oppstå i samband med maskinar og utstyr som er i gang, og plassert i grustaket. Området vil da vere bemanna. | Nordplan. Gjeldande reguleringsplanar. |
| | Ekstremvind | N | Ekstremvêr og vind kan førekome, men planområdet ligg i relativt skjerma omgjevnader med mykje skog. | Nordplan. |
| KRITISKE SAMFUNNSFUNKSJONAR OG INFRASTRUKTUR | Veg, bane, luftfart, skipsfart | J | Nærare vurdering i planarbeidet. Planområdet vil vere sårbart dersom noko skulle skje med åtkomstvegane og jernbanen som går i og gjennom området. | Nordplan. |
| | Vassforsyning-bortfall, skade, ureining | J | Vi er ikkje kjende med problemstillingar rundt vassforsyninga til området. Det skal utarbeidast ein VAO-plan som del av arbeidet med reguleringsplanen. | Nordplan. |
| | Avlaupssystem bortfall, skade, ureining | J | Vi er ikkje kjende med problemstillingar med avlaupssystemet i området. Det skal utarbeidast ein VAO-plan som del av arbeidet med reguleringsplanen. | Nordplan. |
| | Energi, gass og IKT bortfall, skade | N | Det er ikkje vurdert fare for bortfall eller skade for dette innanfor planområdet. | Nordplan. |

| SJEKKLISTE – moglege uønskete hendingar | | | | |
|--|---|------------|--|------------------------------|
| UØNSKT HENDING | | J/N | KOMMENTAR/TILTAK | KJELDER |
| | Framkome for utrykkingskøyretøy/sløkkebil | N | Området har godt framkome for brannbil, med to godt opparbeidde åtkomstveger. | Nordplan. |
| | Tilgang på sløkkevatn | J | Med omsyn til støvfare vil knuseverket ha tilgang på vatn, og når området er bemanna vil sløkking av ein mogleg brann kunne skje med ein gong. Brannvatn er ikkje tilgjengeleg ved frost/vinterstid, men da er også brannfaren lågare. Brannsikkerheit må uansett vurderast som del av planarbeidet. | Gjeldande reguleringsplanar. |
| | Trafikkulykke | J | Trafikkulykke ved kryssing av jernbanen og inn- og utkøyring av planområdet er moglege uønskete hendingar, og må vurderast nærmare. | Nordplan. |

1.10. Varslingspartar

Vi legg i utgangspunktet til grunn at alle tilstøytte fagmyndigheiter, grunneigarar, naboar og andre tilstøytte blir varsla gjennom varslingsbrev og/eller annonse i lokalavisa, men at dette kjem fram i diskusjon med kommunen i oppstartsmøtet.

Forslag til aktuelle offentlege høyringspartar:

| Namn | Adresse | Postnr/Stad | E-post |
|-------------------------------------|-----------------------------------|--------------------|--|
| Dovre kommune | Kongsvegen 4 | 2662 Dovre | postmottak@dovre.kommune.no |
| Statsforvaltaren i Innlandet | Postboks 987 | 2604 Lillehammer | sfinpost@statsforvalteren.no |
| Innlandet fylkeskommune | Postboks 4404 Bedriftssenteret | 2325 Hamar | post@innlandetfylke.no |
| Joramo bygdealmening | Almenningsvegen 11 | 2660 Dombås | post@joramoalmenning.no |
| Bane NOR SF (Jernbaneverket) | Postboks 4350 | 2308 Hamar | postmottak@banenor.no |
| NVE Region Øst (RØ) | Vangsveien 73 Postboks 4223 | 2307 Hamar | ro@nve.no |
| Dovre Fjellstyre | Kyrkjevegen 5 | 2660 Dombås | dovre@fjellstyrene.no |
| Direktoratet for mineralforvaltning | Ladebekken 50 | 7066 Trondheim | post@dirmin.no |
| Foreningen Jora Beitelag | Rolstadvegen 48 | 2665 Lesja | |
| Statens Vegvesen Region Øst | Industrigata 1 | 2619 Lillehammer | firmapost@vegvesen.no |
| AS Eidefoss | Edvard Storms veg 4 | 2680 Vågå | kundeservice@eidefoss.no |

Ein føreset at naboliste for private berørte naboar kjem fram av og vert oversendt etter at plangrensa vert fastsett i oppstartsmøtet.

1.11. Medverknad

Medverknad i plansaker fylgjer plan- og bygningslova, kapittel 5 om medverknad i planlegginga: §5-1. *Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private. §5-2. Når loven her bestemmer at et planforslag skal sendes på høring, skal forslaget sendes til alle statlige, regionale og kommunale myndigheter og andre offentlige organer, private organisasjoner og institusjoner, som blir berørt av forslaget, til uttalelse innen en fastsatt frist.*

Ein legg ikkje opp til aktive tiltak for medverknad ut over naudsynt annonsering og høyringar.

1.12. Vurdering etter Forskrift om konsekvensutredninger

Planarbeidet er vurdert i høve *Forskrift om konsekvensutredninger* (FOR-2017-06-21-854). I samsvar med plan- og bygningslova § 4-2 og forskrifta §§ 6, 7, 8 og 10 vurderer forslagsstillar at det ikkje vil vere krav om planprogram med konsekvensutgreiing.

Forskrifta §§ 6 og 7 seier at fylgjande planar og tiltak alltid skal konsekvensutgreiast (og ha planprogram eller melding, § 6):

§ 6 bokstav b) «*reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I*».

§ 7 bokstav b) «*planer og programmer etter andre lover som fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II og som vedtas av et departement*».

Forskrifta § 8 seier at fylgjande planar og tiltak skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn:

§ 8 bokstav b) «*reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen*».

Vi finn ikkje grunnlag for eit automatisk KU-krav etter § 6 eller § 7, men vurderer tiltaka i planen etter § 8. Aktuelt tiltak fell inn under vedlegg II punkt 2 *Utvinningsindustri*, bokstav a *Mineraluttak*, samt punkt 11 *Andre prosjekter*, bokstav k *Deponier for masse på land og i sjø større enn 50 daa eller 50 000 m³ masse*. Tiltaket er konsekvensutgreidd i gjeldande planar frå 2013 og 2014, men fordi reguleringsplanen ikkje er i samsvar desse, og samtidig er konflikt med overordna kommuneplan, er det vurdert krav om KU (utan planprogram).

Eigenskapar ved planen eller tiltaket § 10, andre ledd:

| |
|---|
| a) Storleik, planområde og utforming. Planområdet fylgjer om lag same utstrekning som gjeldande planar, men vert utvida med 47,5 daa og har da eit totalareal på 188,5 daa. Området ligg skjerna til i eit større skogsområde med LNFR-føremål i kommuneplan. Grønbogen er allereie i bruk som uttaksområde og lagring av massar, også i område innanfor tidlegare avgrensing som ikkje er avsett til slikt føremål. |
| b) Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar. Ein stor del av planen inneber uttak og midlertidig lagring av massar. |
| c) Avfallsproduksjon og utslepp. Ved uttak av massar vil det bli eit overskot av toppmassar som må lagrast inntil området skal attendeførast i framtida. Det er ikkje kjend at tiltaket omfattar utslepp av prioriterte miljøgifter. |
| d) Risiko for alvorlege ulykke og/eller katastrofar. Ein ser ikkje at tiltaka som planen legg opp til vil føre til store konsekvensar for dei omkringliggende omgjevnadane. Vesentlege |

verknader knytt til risiko for alvorlege ulykker og katastrofar skal uansett vurderast nærmare gjennom ROS-analyse og planomtale i vidare planarbeid.

Lokalisering og påverknad på omgjevnadane § 10, tredje ledd (*punkt i grå skrift er vurdert som ikkje-relevante, punkt i svart skrift er område som ein tenkjer at det vil vere viktig å ha særskilt fokus på i planarbeidet*):

| | |
|----|--|
| a) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ verneområde etter naturmangfaldlova kapittel V eller markalova § 11 ▪ utvalde naturtypar (naturmangfaldlova kapittel VI) ▪ prioriterte artar ▪ verna vassdrag ▪ nasjonale laksefjordar og laksevassdrag ▪ objekt, område og kulturmiljø freda etter kulturminnelova |
| b) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ truga artar eller naturtypar ▪ verdifulle landskap ▪ verdifulle kulturminne og kulturmiljø ▪ nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar ▪ område med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift ▪ områder som er særleg viktig for friluftsliv |
| c) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ statlege planretningslinjer ▪ statlege planføresegner eller regionale planføresegner |
| d) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ større omdisponering av område avsett til landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd |
| e) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Auka belastning i område der fastsette miljøkvalitetsstandardar blir overskride |
| f) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Konsekvensar for folks helse, for eksempel som følgje av vass- eller luftforureining |
| g) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Vesentleg forureining eller klimagassutslepp |
| h) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Risiko for alvorleg ulykke som følgje av naturfarar som ras, skred eller flaum |

Denne vurderinga etter § 10 er gjort på grunnlag av vår informasjon og den kunnskapen som offentlege interesseorgan har gjort tilgjengeleg som kjeldemateriale.